

## Sjukehusapoteka Vest HF

### ÅRSMELDING 2013

#### VERKSEMD OG FØREMÅL

Sjukehusapoteka Vest HF er eit sjølvstendig helseføretak eigd av Helse Vest RHF med føremål å vera farmasifagleg kompetansesenter i helseregionen. Helse Vest utøvar si styring via eit årleg styringsdokument som blir lagt fram i eit føretaksmøte mellom Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest RHF.

Sjukehusapoteka Vest eig og driv sjukehusapotek i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde. Føretaksadministrasjonen er lagt til Bergen. Sjukehusapoteka Vest leiger lokale til sin drift ved dei største sjukehusa i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Desse sjukehusa er også Sjukehusapoteka Vest sine hovudkundar. Aktiviteten i verksemda er i all hovudsak knytt til produksjon og sal av legemiddel, og levering av farmasøytisk rådgjeving til sjukehus/ institusjonar og til pasientar/ publikum.

#### FOKUSOMRÅDER I 2013

Volumet av legemiddel levert til sjukehusa og talet på ekspederte reseptar har auka frå 2012. Samstundes har prisar på legemiddel flata noko ut i Norge såleis at inntektene til Sjukehusapoteka Vest ikkje har auka parallelt med aktivitetsauken. Dette krev kontinuerleg arbeid med effektivisering av både drift og administrative prosessar. Som eit ledd i dette er det i 2013 installert lagerautomatar ved Sjukehusapoteket i Bergen og Sjukhusapoteket i Haugesund er under ombygging. Det er tidligare gjort installasjon av slike lagerautomatar ved Sjukehusapoteket i Førde og Stavanger. Desse installasjonane gjev både meir effektive logistikkprosessar og auka pasienttryggleik.

Sjukehusapoteka Vest har bidrege med ressursar til Helse Vest sitt kvalitetsprosjekt, Legemiddel og kurve (KULE). Prosjektet vil få stor verknad for korleis Sjukehusapoteka Vest samhandlar med sjukehusføretaka innanfor både legemiddelforsyning og farmasøytisk rådgjeving.

Helse Vest sin fokus på pasienttryggleik har i 2013 medført auke i levering av farmasøytiske tenester til sjukehusa. Gjennom 2013 har Sjukehusapoteka Vest hatt fokus på følgjande tiltak for å betre pasienttryggleiken saman med sjukehusføretaka: auka bruk av eindose, fleire apotekstyrte legemiddellager (ASL) og auka farmasøytisk rådgjeving. Sjukehusapoteka Vest arbeidar også for å overta mest mogeleg av tilsetningsproduksjonen frå helseføretaka, til dømes produksjon av cytostatika, parenteral ernæring (TPN) og smertekassetar.

I 2013 er eResept innført ved alle legekontor og apotek, samstundes som Sjukehusapoteka Vest har stått sentralt i pilot og utrulling av eResept på sjukehus i Helse Vest. Helse Vest er første helseregion som tar i bruk eResept på sjukehus.

For å oppfylle Sjukehusapoteka Vest si strategi om meir meritterande forskning har ein vidareført D-stillingar etter modell frå forskingsstillingar for legar. Stillingane er delt mellom 50 prosent forskning og 50 prosent farmasøytisk arbeid. Stillingane vart oppretta i 2012 og har ei varigheit på 2 år. Det er viktig at forskinga er relevant for farmasifaget, for Sjukehusapoteka Vest sin strategi og for sjukehusføretaka.

## ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

### *Organisering*

Sjukehusapoteka Vest har dei siste to åra gjort endringar i organisasjon ved at nivå 4 (seksjonar) er avvikla hjå Sjukehusapoteket i Bergen og at ytterligare 2 apotek i 2013 har slutført justering av organisasjonsstruktur. Prosessane har vore handsama med høg grad av medverknad frå dei tilsette. Tal på leiarar er i denne perioden redusert med i alt 12. Alle apotek har no same organisasjonsstruktur med avdelingar som nivå 3, og avdelingsleiarar med same type fullmaktar innan områda fag, økonomi og personale.

### *Kompetanseutvikling*

Kompetanseutvikling er heimla i føretaket sin strategi og konkretisert i årleg handlingsplan for kompetanse. Fokus har vore på arbeidsplassen som læringsarena, utvikling av leiarar, kundekommunikasjon og sal samt klinisk farmasi.

Det er i 2013 teke i alt 993 e-læringskurs i Sjukehusapoteka Vest, noko som gjev i snitt på 4,5 e-læringskurs per tilsett. 1536 dagsverk er nytta til kompetanseheving. Om ein ser vekk frå forskning, D-stillingar og studiar i klinisk farmasi er talet 935 dagsverk nok som utgjer om lag 4,5 dagar per tilsett.

### *Systematisk Helse Miljø og Tryggleik :*

Føretaket har i 2013 vidareført fokus retta mot helsefremjande arbeidsmiljø. Helse, miljø og tryggleik (HMT), er fast sak i styre- og leiarmøte, samt i samhandling med fagorganisasjonane og i arbeidsmiljøutval (AMU). Årsmelding 2013 for hovudarbeidsmiljøutvalet (HAMU) vart godkjent på HAMU sitt møte 30.01.2013. Hovudområda i HMT handlingsplan har vore;

- IA - sjukefråvær
- Systematisk HMT
- Avvikshandtering
- Ytre Miljø
- Psykososialt arbeidsmiljø, og arbeidsmiljøpris
- HMT kartlegging - HMT handlingsplan

Årleg HMT-kartlegging syner at føretaket i har eit forsvarleg arbeidsmiljø. Resultat på brannvern er svært gode. Hovudelement som i høve til kartlegginga kan forbeholdt er knytt til opplevd tidspress og psykososiale forhold. Arbeid med medarbeidarskap har helde fram i 2013 i einiske einingar. Føretaksleiinga har vore gjennom program for leiargruppeutvikling med AFF. Sjukehusapoteka Vest inngår i Helse Vest si HMT-satsing, og deltek i regional samanheng. Arbeidsmiljøprisen i føretaket vart revidert i 2013, og vert tildelt i kategoriane Årets gode kollega, Årets solstråle, Årets modige, Årets kreative og Årets gullkorn. Premie er diplom og medalje. Det var fleire nominerte kandidatar til prisen i år enn tidlegare år .

Registrerte HMT-avvik i 2013 er stabilt lågt samanlikna med tidlegare år. Ein har mistanke om underregistrering. Ingen alvorlege personskadar er registrert. Avvika har i hovudsak vore lettare skader som støyt/ treff, søl /sprut og kuttskader. Sjukehusapoteka Vest har i 2013 rydda i organisasjonsstruktur i avvikssystemet Synergi, og ein sender no med jamne mellomrom rapportar som syner status registrering og handtering av avvik. Talet på ikkje opna saker er redusert sidan 2012. For å sikre at alle relevante avvik blir registrert vil Sjukehusapoteka Vest fortsatt ha fokus på avvik- og meldekultur, og da mellom anna som fast tema i driftsforum med fagdirektør og apotekarar.

***Sjukefråvær:***

Fokus på sjukefråvere har halde fram i 201. Det totale sjukefråveret i Sjukehusapoteka Vest i 2013 var i snitt 7,9 % mot 8,8 % i 2012. Sjukefråvere har for fyste gong sidan 2010 vist ein fallande trend, dette gjeld i stor grad i gruppa apotekteknikar. Føretaket si målsetting er, i tråd med målsetning for Helse Vest, å få sjukefråværet ned i 5,5 %.

Sjukefråvere har samanheng med fleire forhold, da spesielt leining, kultur og medarbeidarskap, kvalitet i rekruttering og organisering av arbeidsprosesser. Føretaket har ei rekke systematiske tiltak innanfor desse områda.

***Likestilling:***

Sjukehusapoteka Vest er ein kvinnedominert arbeidsplass. Av i alt 213 årsverk per 31.12.2013 var det 26 menn. I leiargruppa var fordelinga 6 kvinner og 2 menn ved utgangen av året. Styret i føretaket var per 31.12.12 sett saman av 6 kvinner og 4 menn. Av 4 sjukehusapotekarar er ingen menn. Av 12 avdelingsleiarar er 1 mann. Sjukehusapoteka Vest har lik handsaming av kvinner og menn ved rekruttering, lønnsfastsetjing og utvikling. Der det er mogleg å jamstille gjennomsnittsløna for kvinner og menn, er det ingen skilnader i lønnsnivå. Omfanget av overtid er relativt sett jamt fordelt mellom kvinner og menn.

***Inkludering, mangfald og likeverd:***

Helseføretaks gruppa i Helse Vest har felles regional målsetting for inkludering og mangfald som skal spegla samfunnet og gjera oss i stand til å møta mangfaldet blant pasientar og pårørande.

Målet er at mellom 6 og 10 % av medarbeidarane skal ha innvandrarbakgrunn, fordelt omtrent likt mellom vestlege og ikkje vestlege innvandrarar. Ved annonsering og rekruttering vert dette opplyst om og følgd opp. Personalleiarar vert kursa i rekruttering og temaet diskriminering grunna kjønn, etnisk opphav, og funksjonshemming er del av denne opplæringa.

Siste tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) syner at SAV totalt har 15,5 % medarbeidarar med innvandrarbakgrunn for delt på 8,8 % frå ikkje vestlege land (Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania unntatt Australia og New Zealand, og Europa utanom EU/EØS), og 6,7 % tilsette frå vestelege land (EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand).

***Talet på årsverk:***

Talet på brutto årsverk i gjennomsnitt i 2013 var 213 mot 208 i 2012. Talet på netto årsverk i gjennomsnitt i 2013 var 168 mot 163 i 2012.

**YTRE MILJØ**

Verksemda i Sjukehusapoteka Vest kan i nokon grad føre til ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Sjukehusapoteka Vest har som mål å vert miljøsertifisert i fyrste halvår 2014. Arbeidet med miljøsertifisering vil auke føretaket sin kjennskap til miljøkonsekvensane av eigen verksemd. Det vert arbeidd med miljøpolitikk for å endre verksemda i ein meir miljøvennleg retning, og det er oppretta ein funksjon som miljøkoordinator ved kvart apotek og i føretaksadministrasjonen. Kvalitetssjef har rolla som miljøleiar i organisasjonen.

## ÅRSREKNESKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapen ei rettvisande oversikt over utviklinga og resultatet av føretakets verksemd og stilling.

### *Risikoforhold*

Sjukehusapoteka Vest er pålagt gjennom vedtak i ESA (EFTA sitt overvakingsorgan) å gjennomføre endring i kva resultatkrav som vert sett til publikumsekspedisjon og her under nye krav til skattlegging og regnskapsføring av denne delen av verksemda. Endringane skal vere gjennomført innan utgangen av 2014. Arbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med Helse Vest RHF. Sjukehusapoteka Vest legg til grunn at risiko som ligg i endringar som følger av pålegga er avgrensa og handterbar for Helse Vest og Sjukehusapoteka Vest.

Føretaket er marginalt eksponert for endringar i valutakursar. Selskapet er i liten grad eksponert for endringar i flytande rente. Risikoen er låg for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar, då debitorar hovudsakeleg er andre helseføretak og NAV/ HELFO. Ein vurderer likviditeten i føretaket som god, og det er ikkje vedtatt å innføre tiltak som endrar likviditetsrisiko.

### *Økonomisk drift:*

Samla omsetning i Sjukehusapoteka Vest HF er i 2013 kr. 847.983.657 mot kr. 810.665.936 i 2012, ein auke på 4,6 % Resultat frå drifta er i 2013 kr. 13.380.634 mot kr. 10.142.245 i 2012, ein auke på 31,9 %. Auke i driftsresultat samanlikna med 2012 skuldast reduserte IKT kostnader på i alt kr. 7.840.882 som følge av at Helse Vest IKT har fått godkjent frådrag for inngåande meirverdiavgift for perioden 2009 til 2013. Ut over dette er endringa knytt til lågare bruttomargin på sal av varer og auke i personalkostnader. Netto finansresultat for 2013 er kr 1.524.919 mot kr.1.646.076 mot i 2012, ein reduksjon på 7,4 %. Reduksjonen frå 2013 skuldast i hovudsak reduksjon i renteinntekter. Samla resultat for 2013 er kr. 14.905.554 mot kr. 11.788.321 i 2012.

### *Forslag til disponering av overskott:*

Styret foreslår at overskottet for 2013 vert overført til anna eigenkapital.

Overføring til anna eigenkapital	kr	14.905.554
<b>Totalt disponert</b>	<b>kr.</b>	<b>14.905.554</b>

Eigenkapitalen i føretaket per 31.12.2013 er:

<u>Eigenkapital</u>	<u>kr.</u>	<u>102.459.069</u>
---------------------	------------	--------------------

Likviditetsbeholdninga pr. 31.12.2013 var kr 81.501.101, som er ein reduksjon på kr. 1.035.494 frå 2012.

## FRAMHALD AV DRIFTA

Etterspurnaden etter helsetenester aukar, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod. Etterspurnaden etter varer og tenester frå Sjukehusapoteka Vest HF er tett knytt opp mot aktivitetsnivået i sjukehusføretaka, som er hovudmottakar av Sjukehusapoteka Vest sine varer og tenester. Ein legg til grunn at dette ikkje vert endra på kort sikt. Rekneskapen er difor avlagt under føresetnad om framhald av drifta.

Bergen, 3.april 2014

Styret for Sjukehusapoteka Vest HF

---

Maria Broch Helsingreen  
Styreleiar

---

Olav Klausen  
Nestleiar

---

Jon Bolstad  
Styremedlem

---

Inger Cathrine Bryne  
Styremedlem

---

Anne Sissel Faugstad  
Styremedlem

---

Per Karlsen  
Styremedlem

---

Bente Mari Rolfsnes  
Styremedlem

---

Marianne Saugestad  
Styremedlem

---

Nina Carstens  
Styremedlem

---

Jannicke Daae Tønjum  
Administrerende direktør